



Humlepungar i godt humør: Vidar Haugland, Reidar Myklebust og Magne Huglen. Vidar er programleiar denne gongen.

**Laurdag klokka 20 startar Humlepungen Bryggjarlag uppskoka i kjent stil i Dønhaugkjedlaren og no hastar det med påmelding. Den skjer enklast til Vidar Haugland på nummer 488 91 464 og prisen er 250 kroner. Denne gongen er ikkje arrangementet ramme rundt eit meisterskap i ølbryggjing, men ølet er sjølvstøtt i fokus.**



Øyvind Sture debuterer som visemakar

Til dømes skal dei 2 humlepungane Kjell Yri og Reidar Myklebust greia ut om ølet sin positive verknad både på kropp og sjel.

Eit anna høgdepunkt vert Øyvind Stures debut som visemakar. Den etablerte visesongaren Helge Mikal Røssland skal også i elden og leie allsongen i 2 omgangar.

Og no som før kjem det sikkert innslag som ikkje er annonserte på førehand. Noko vi sikkert veit kjem og som vert ein fulltreffar er betasuppa frå den framifrå kokken på Neset - Kjell Tungesvik!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen